

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Dato:
	Sak/dok.: 20/02342-46	01.03.2022
	Ark.: 326.12	

Oppstart av klagesak 2022/113, 114 og 115 - opphavleg namnesak 2020/551 - Selfallet/Seglfallet/Seglfaldet - Alver kommune

Statens kartverk gjorde den 21.10.2021 vedtak om skrivemåten *Selfallet* i Alver kommune. Vedtaket vart påklaga av Selfallet Vel ved Mai-Liss Møn, som ynskjer *Seglfallet* eller *Seglfaldet*.

Når det vert reist klagesak, skal saka gjennomførast på same måten som den fyrste runden i saka, jf. § 12 femte ledd i lov om stadnamn.

Kartverket sender med dette saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 8 i lov om stadnamn.

Saka gjeld fylgjande namn med variantar av skrivemåtar:

- *Selfallet / Seglfallet / Seglfaldet* (nes i sjø ved Mangersvågen)
- *Selfallet / Seglfallet / Seglfaldet* (bruk 445/7 ved Mangersvågen)
- *Selfallet / Seglfallet / Seglfaldet* (li ved Haugland)

For fleire opplysningar om namna, sjå innsynsløysinga vår for SSR: <http://norgeskart.no/ssr/>.

Lokal høyring

Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av m.a. naturnamn, nedervde gards- og bruksnamn, seternamn og statlege anlegg. Før me gjer vedtak, har kommunen rett til å uttala seg. Eigarar og festarar har rett til å uttala seg om gardsnamn og bruksnamn, og lokale organisasjonar har rett til å uttala seg om skrivemåten av namn som dei har serlig tilknytning til. **Saker som gjeld bruksnamn, skal eigarane få tilsende direkte frå kommunen.** Det går fram av lista ovanfor kva bruk dette gjeld.

Etter lova skal skrivemåten fastsetjast med utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen av namnet. Difor bed me om at alle som uttalar seg, opplyser kva som er den lokale dialektuttalen. Dersom namnet vert uttalt på ulike måtar, bed me om å få opplyst dei forskjellige uttaleformene.

Normeringsprinsipp

I tillegg til å ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen, skal ein som hovudregel fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meiningsinnhaldet i namnet. I utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn er det meir detaljerte føresegner om korleis stadnamn skal normerast.

Skrivemåten av primærnamnet vil normalt vera retningsgjevande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, t.d. for adressenamn som er like eller avleidde av namnet, jf. § 4 tredje ledd i lova. Kommunen må difor setja på vent eventuelt pågåande saker som gjeld adressenamn og adressetilleggsnamn, der dei same namna inngår, til det er gjort vedtak om skrivemåten av primærnamna. Kommunen må ta omsyn til den vedtekne skrivemåten av primærnamnet når dei skal gjera vedtak.

Bruksnamn

Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten av bruksnamn som er identiske med gardsnamnet, eller der gardsnamnet går inn som ein del av bruksnamnet. Men etter § 5 tredje ledd i lov om stadnamn har eigaren rett til å fastsetja ein annan skrivemåte av namnet på eige bruk enn den som fylgjer av § 4 fyrste ledd i lova. Føresetnaden er at han/ho kan dokumentera at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn (på offentleg kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte e.l.). I så fall må eigaren senda krav til Kartverket og leggja ved slik dokumentasjon. Klageretten for namnet i andre funksjonar, t.d. naturnamnet, fell då bort. Kartverket er formelt vedtaksorgan også for skrivemåten av bruksnamn fastsette av eigaren.

Vidare saksgang

Kommunen har ansvaret for å kunngjera at klagesaka er reist, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine. Kommunen har òg ansvaret for å henta inn og samordna dei lokale høyringssvara. Dei skal sendast til *Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo* (post@sprakradet.no), med kopi til Kartverket. Språkrådet vil så gje endeleg tilråding til Kartverket. Ordinær høyringsfrist for kommunen er to månader frå dei får dette brevet.

Dersom klagarane ikkje får medhald i klagesaka, sender Kartverket saken vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker for endeleg avgjerd. Høyringssvar som er komne inn tidlegare, vil fylgja saka. Desse treng ein ikkje senda inn på nytt.

For opplysningar om saksgang, kontakt Kartverket på telefon 32 11 80 00. For namnefaglege spørsmål, kontakt Språkrådet på telefon 22 54 19 50.

Venleg helsing

Øystein Jåstad
sakshandsamar stadnamn

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Lenkjer: [Lov om Stadnamn](#)
[Forskrift om stadnamn](#)
[Utfyllande reglar om skrivemåten av stadnamn](#)

Vedlegg: Presisering av namneynskje frå Selfallet Vel
Klage frå Selfallet Vel

Kopi: Språkrådet